



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Rauma kommune  
Vollan 8 A  
6300 Åndalsnes

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
		12654/2022	Rebekka Varne, 71 28 03 51	07.02.2022

## Romsdal Torsk AS org. nr 926051717 - Akvakultursøknad om ny lokalitet for matfisk av torsk på Slemmet i Rauma kommune

Søknad frå Romsdal Torsk AS om ny akvakulturlokalitet for matfisk torsk på Slemmet i Rauma kommune er lagt ved.

Det er søkt om ei biomasse på 2340 tonn MTB. Omsøkt lokalitet ligg i eit område som er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan.

Søknaden er vurdert som komplett av Møre og Romsdal fylkeskommune, men vi gjer merksam på at det kan bli bedt om meir informasjon. Søkar har bedt om at detaljar om deira tiltak og val i drifta blir unntatt offentlegheita, ein sladda versjon som kan leggest ut offentleg er lagt ved, jf. forvaltningslova § 13, første ledd (2). Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal behandlast etter kapittel 3 Vurdering om planar eller tiltak etter §8 krever konsekvensutredning (§§ 9-12). Søkar har lagt ved vurdering av påverknad på villtorsk og deira risikovurdering og tiltak for å unngå påverknad. Fylkeskommunen sin vurdering er at det ikkje er naudsynt med tilleggsutgreiingar og sender søknaden til behandling hos sektormyndigheiter og Rauma kommune.

Meiner sektormyndigheitene at tiltaket kan få vesentlege verknader og det ikkje er tilfredsstillande utgreia i søknaden må det meldast til fylkeskommunen innan 4 veker (07.03.2022). Vi ber om at de konkretiserer kva forhold som bør belyst nærare.

Møre og Romsdal fylkeskommune ber om at Rauma kommune legg søknaden ut til offentleg innsyn i 4 veker. I følgje forskrifta skal utlysinga vere annonsert i Norsk lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området. Vi ber kommunen, etter at søknaden har vore lagt ut til offentleg innsyn, gi uttale om søknaden er i samsvar med kommunale planer og interesser. Kommunen sin uttale skal saman med innkomne merknadar sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune seinast 12 veker (07.05.2022) etter at de har mottatt søknaden.

Med helsing

Birgit Aarønæs  
seksjonsleiar marin og miljø

Rebekka Varne  
rådgivar

Kopi:

ROMSDAL TORSK AS c/o Gadus Group Rasmus Rønnebergs gate 21 6002 ÅLESUND

Vedlegg

- 1 SR-0621-GS-Slemmet-102765-01-001 (1).pdf
- 2 Forundersøkelse Slemmet 103619-01-002.pdf
- 3 Slemmet sjøkart
- 4 Gadus\_Vurdering av påvirkning på villtorsk\_Lokalitet Slemmet\_Sladdet versjon\_
- 5 Tillatelse\_til\_akvakultur\_i\_flytende\_eller\_landbasert\_anlegg\_1883368.pdf
- 6 Slemmet - søkers KU-vurdering.pdf
- 7 Sunnmøre Torsk - beredskapsavtaler (10).pdf
- 8 C GS Slemmet 103258-01-001.pdf
- 9 01.02.00\_Innholdsfortegnelse Gadus Styringssystem (7).pdf
- 10 Gebyr\_Akvakultursøknad\_Slemmet.pdf
- 11 Slemmet - forholdet til arealregulering.pdf
- 12 Gadus beredskapsplaner (6).pdf
- 13 Slemmet anleggsskisse.pdf
- 14 Slemmet - forholdet til annen akvakultur.pdf
- 15 Slemmet koordinater.pdf
- 16 B GS Slemmet 103259.pdf